

Referat fra valstyremøte ved HF, 20. januar 2017, kl. 10.00, møterommet Resepsjonen i Nygårdsgt. 5

Til stades:

Ingvar Mæhle (gruppe A, nestleiar), Fredrik Rongved (gruppe D), Kjersti Aarstein (gruppe B), Mette Dalhaug (gruppe C), Arnhild Thorseth, sekretær/referent

Forfall: Jørgen Bakke (leiar, gruppe A)

Sak 1: Velkommen til nye medlemmar - val av ny nestleiar etter at Griegakademiet gikk ut av styret

Ingvar Mæhle blei ønskt velkommen som nytt medlem frå gruppe A i valstyret etter at Griegakademiet gikk ut.

Han blei einstemmig valt til nestleiar, og fungerte i dette møtet som leiar sidan Jørgen Bakke hadde forfall.

Fredrik Rongved blei ønskt velkommen som nytt medlem frå studentane.

Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste blei godkjende med merknadane som blei gjort i møtet.

Sak 3: Valkalendar for våren 2017

Oppdatert valkalendar blei utdelt, gjennomarbeidd og godkjent (vedlegg).

Sak 4: Godkjenning av utlysingsdokument for dekan/prodekan-val og fakultetsstyreval.

Utlysingsdokumenta for dekan/prodekan-val og fakultetsstyreval blei utdelte, gjennomarbeidde og godkjende (vedlegg).

Sak 5: Ymse

Gruppe B-representant Kjersti Aarstein melde at ho er ferdig med stipendiatperioden snart, og vi må difor finne ny representant etter henne.

Aarstein blei takka for god innsats i valstyret heilt sidan 2013.

20.01.2017

Neste møte blir fredag 10. mars kl. 10 – 12, møteromet Resepsjonen i Nygårdsgt. 5, 6. etg.